



DEL 2

VURDERING AV KULTURMILJØET



Foto: Ann Stenlid

2:1 VERDIAR

MÅLSETTING

Følgjande kapittel skal definere dei særtrekk og verdiar som gjev verdskulturminnet Bryggen universell verdi. Ei slik vurdering skal gje ei felles forståing av kva verdiar ein forvaltar og skal vere med på å sikre at alle avgjerder som vedrører verdskulturminnet Bryggen vert tekne på grunnlag av desse vurderingane.

VERNEVERDIKRITERIAR

Riksantikvaren har utarbeidd egne retningslinjer til bruk i kulturminnevernet. Retningslinjene er delt inn i 11 delkriteriar som tilsaman skal gje ei samla framstilling av verneverdien.

“Identitetsverdi: Kulturminnemiljøets eller enkeltobjektet som identitets-
skapende element i omgivelsene for lokalbefolkning, et sosialt skikt, en etnisk
gruppe, en relegiøs gruppe etc.

Symbolverdi: Kulturminnemiljøet eller enkeltobjektet som symbol på et lokal-
miljø, en betydningsfull hendelse etc. Symbolverdien og identitetsverdien henger
nært sammen.

Historisk kildeverdi: Kulturminnemiljøer og enkeltobjekter som kilder til
kunnskap om fortida.

- a) bo og leveforhold, sosiale forhold, arbeidsliv, næringsstruktur.
- b) tekniske muligheter og begrensninger innenfor en periode, byggeskikk/arkitekturhistorie, stil og smaksnormer.
- c) har kulturminnet en spesiell plass i historien ved å være det første eller et tidlig eksempel og dermed normgivende for en ny funksjonstype, en ny konstruksjonstype, en ny teknologi, en ny stilart.

Alder:

- a) Høy alder generelt.
- b) Høy alder innafor en bestemt type kulturminner.
- c) Høy alder innafor et avgrenset geografisk område.

Autentisitet: Kulturminnemiljøets eller enkelt objektets grad av opprinnelighet eller ekthet i forhold til en definert periode. Dersom kulturminnet er endret, belyser kulturminnet endrete krav til funksjon og nye stilarter på en interessant måte? Dersom kulturminnet har større, nyere materialutskiftninger eller ombygginger vil dette redusere objektets verneverdi i betydelig grad.

Representativitet-skjeldenhet: Kulturminnemiljøets eller enkeltobjektets forekomsthyppighet innenfor en bestemt type eller definert område.

Kulturminnene har spesielt høy verdi dersom de har vært vanlige men er i ferd med å bli skjeldne, de har vært og er skjeldne.

Variasjon-homogenitet: Karakteriserer områder med mange kulturminner og den graden av variasjon de representerer. Området som helhet får økt verdi dersom kulturminnetettheten er stor. Dessuten blir det særlig verdifult dersom kulturminnene viser stor variasjon i typer, stor variasjon i tid, stor grad av ensartethet i tid. Det homogene miljøet vil være spesielt sårbart overfor alle typer inngrep.

Miljøverdi: Det enkelte kulturminnets grad av umistelighet i miljøet, ved at kulturminnet er spesielt synlig plassert eller ved at kulturminnet befinner seg i en sammenheng som ikke må brytes opp.

Pedagogisk verdi: Kulturminnemiljøer og enkeltobjekters evne til å illustrere fortida spesielt tydelig. Vurder også mulighetene for aktivisering av eventuelt pedagogisk potensiale.

Skjønnhetsverdi, kunstnerisk verdi: Kulturminnemiljøenes og enkeltobjektenes verdi som umiddelbart vakre i seg selv og/eller i sammenheng med omgivelsene, som estetisk tilfredstillende etter sin tids estetiske idealer, som kunstverk der det er overensstemmelse mellom de kunstneriske intensjonene og resultatet, eller som håndverk der den håndverksmessige utførelsen også har estetiske kvaliteter.

Bruksverdi: Kulturminnet som økonomisk ressurs/bruksressurs for eieren og for samfunnet. Vurder også brukspotensiale både i den nære og noe fjernere framtid.”

Dei antikvariske verdiane på Bryggen blir definert på to nivå; eit i forhold til kriteriane for opptak i Verdsarvlista og eit i forhold til fredning etter kulturminneloven. I vurderinga under har vi delt inn verdikriteriane i tre hovuddelar; kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar

2:2 KUNNSKAPSVERDIAR

Ein føresetnad for å forvalte dei verdiane ein har på Bryggen på best mogleg måte, er at ein konstant søker å auke kunnskapen omkring dei ulike delane av kulturminnet.

2:2:1 Universell verdi

ICOMOS (International Council on Monuments and Sites) kom med følgende grunngeving ved nominasjonen i 1979: "In its present form, following the 1702 fire, Bryggen, a harmonious ancient quarter, illustrates the use of space in a quarter of Hanseatic merchants. It is a type of modern 'fundaco' unequalled by even Lübeck and Novgorod". Bryggen vart difor ført opp på verdsarvlista etter kriterie 3, etter "Operational guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention", artikkel 24 (a):

(iii) bear a unique or at least exceptional testimony to a civilization or cultural tradition which has disappeared.

Under evalueringa i 1993 vart det lagt fram forslag om at kriteria 4 og 5 skulle vurderast som relevante:

(iii) be an outstanding example of a type of building or architectural ensemble or landscape which illustrates (a) significant stage(s) in human history.

(iiii) be an outstanding example of traditional human settlement or land use which is representative of a culture (or cultures), especially when it has become vulnerable under the impact of irreversible change; or, in exceptional circumstances or in conjunction with other criteria.

Riksantikvaren er samde i at nye kriteriar er relevante men har inntil vidare stilt seg avvisande til ei renominering pga omsynet til prioritering av andre oppgåver.

2:2:2 Historisk verdi

Det Hanseatiske kontor representerer den mest særmerkte historiske periode på Bryggen. Det er og denne perioden som sterkast har prega den allmenne oppfatning av Bryggen som historisk omgrep. Namnet "Tyskebryggen" er framleis i bruk av mange og peikar attende på perioden med tysk herredøme på Bryggen.

Det er ingen konkrete opplysningar om kor mange tyskarar som oppheldt seg ved kontoret. Det er ikkje usannsynleg at talet kunne nærme seg 2000 i blomstringstida, inkludert dei kjøpmennene og sjøfolka som oppheldt seg der midlertidig i seglingsseasonen. 2000 menn var mange i ein by som i mellomalderen knapt kan ha hatt meir enn ein stad mellom 5000 og 10000 innbyggjarar.

Hansakontoret på Bryggen hadde innverknad på økonomiske og sosiale tilhøve langt utover byen sine grenser. Tørrfisk frå Nord-Noreg var Noregs største eksportartikkel og var den viktigaste vara for handelen på Bryggen. Landa sør i Europa hadde eit stort behov for tørrfisk under fasta og utgjorde ein vesentleg del av marknaden for tørrfiskeeksporten. Noreg på si side var avhengig av import av korn frå England og Østersjølanda.

Bryggen tente som omlastingshamn for denne bytehandelen. Hanseatane sytte for handelsavtaler og monopol innan ei rekke felt for å sikre seg kontroll over marknaden. Både den nordnorske fiskaren, handverkarane i Bergen og egne folk innanfor Kontoret var kontrollerte av avtaler og påbod som alle var resultat av eit ønskje om å halde handelen samla på tyske hender.

KONKLUSJON

Verdskulturminnet Bryggen er som einaste bevarte hansakontor eit eineståande uttrykk for den hanseatiske kjøpmannskulturen og europeisk handelsverksemd i og etter mellomalderen og har med det universell historisk verdi. I dette ligg også ei historisk kilde til ny kunnskap.



Foto: Knut Knutsen

2:2:3 Bygningshistorisk verdi

Utgravingar av dei automatisk freda kulturlaga under Bryggen har gjeve kunnskap om tidlegare tiders konstruksjonsmåte, materialbruk og formgjeving, noko som har gjeve større forståing av dei bygningane ein har på Bryggen i dag. Funna gjev grunnlag for å slå fast at ein samanhengande byggetradisjon har verka formande på Bryggen frå 1100-talet og til 1702.

1. BYGNINGSMØNSTER

Også i andre europeiske byar viser utgravingar at byplan og tomtedeling er bevart opp gjennom hundreåra, men ein ser at dei i desse byane etterkvart gjekk over til å bygge i stein, delvis på grunn av mangel på skog, men og på grunn av påbod i høve til brannfaren.

Då Bryggen vart gjenreist etter brannen i 1702 var det fleire grunnar til at den vart oppført i tre. Dei kompliserte eigedomstilhøva på Bryggen gjorde at ein valde å bygge opp igjen etter den same tomteinndelinga, dei same planløysingane og med same material som før. Det var behov for å få gjenreist Bryggen raskt og då var tre eit materiale som både var rimeleg, tilgjengeleg og ikkje minst; ein hadde fagfolk til gjenreisingsarbeidet.

Å bygge i stein var kostbart og tidkrevjande og det var vanskeleg å finne røynde fagfolk. På 1700-talet var det påkosta bygningar som Kyrkjer, kloster, festningsanlegg og offentlege bygg som vanlegvis var bygde i stein.

Det vart gjort forsøk på å innføre murtvang i Bergen allereie på 1500-talet, men folk ignorerte desse pålegga fordi det var kostbart og tidkrevjande. Det første verklege lovpålegget om bruk av mur, som vart overheldt, var i Bygningslov for Bergen av 13. september 1830, som kom med krav om brannmur mot allmenning, open plass eller gate.

Då ein på ulike tidspunkt gjekk over til å bygge steinbygningar i byane i Mellom-Europa, var det med på å forandre dimensjonen på bygningane, og etterkvart også den mellomalderprega bystrukturen. På Bryggen har den tradisjonelle materialbruken ført til at dimensjonen på bygningane er blitt "konservert" opp gjennom hundreåra slik at bygningsmassen i dag stend som eit eineståande kulturmiljø av trearkitektur med røter i mellomalderen.

Dei bygningane vi ser på Bryggen i dag er som kjent frå 1702, men bygningsmønsteret med dobbeltgårder, tomteindelinga og tradisjonen med treetasjes lagerboder skriv seg frå gjenreisinga etter brannen i 1476. Det var også etter 1476 brannen at den tradisjonelle torvtekinga vart erstatta med hollandske teglpanner noko som gav ein litt spissare takvinkel og dermed eit endra uttrykk. Mykje tyder på at ein etter brannen i 1702 gjenreiste bygningane på dei eksisterande tomtene og at det ikkje vart bygd lenger ut i Vågen enn det som hadde vore før brannen. Det vil seie at den fasaden vi har i dag har om lag same plassering som fasaderekken som vart reist etter brannen i 1476.

Den mellomalderlege tradisjonen med å bygge hus i rekkjer med passasjer mellom er som sagt ikkje eineståande for Bryggen i Bergen. Dette er ein byggeskikk som vart nytta i stor utstrekning i mellomalderbyane fleire stadar i Europa der det var viktig med god plassutnytting. Eit fellestrekk med denne byggeskikken er at den har vakse fram av trangen for tilgang til eit felles område som i Bryggen sitt tilfelle var hamna og transporten av varer som føregjekk der. Dette behovet har også vore formgjevande for bygningsmønster og planlegging utanfor det som utgjer verdskulturminnet Bryggen i dag og er framleis synleg i bygningsstrukturen rundt Vågen. (Vedlegg del 1, 1:4:4, 1:4:5, og 1:4:6)⁴⁵

2. BYGNINGSTYPAR

Funna har vist at det på Bryggen har vore nytta fleire ulike bygningsformer i forskjellige teknikkar. I dei tidlegaste tider var det, om ein skal døme ut frå utgravingsresultata frå det nordre Bryggeområdet, stavbygningar som dominerte. Både som skur og i meir markerte bruksbygningar var det stav og grind som var gjeldande. I dei påfølgjande hundreåra var det laftebygningane som kom til å dominere, både på Bryggen og elles i byen.

Den dominerande bygningstypa er ei tømra lagerbod i 3 etasjar, med opne svalgangar mot passasjen og ei indre kjerne av lagerrom. Det meste av bygningsmassen er oppført i sokalla "dobbelgårdar", dvs som lange husrekker på begge sider av ei felles passasje.

Heilt framme i gården var det vanlegvis sjøstue som var den mest ettertrakta tomte i ein gård. I sjøstueene var det rikeleg med dagslys frå vindu i fasaden. I landstueene, som handelstueene inne i gården blei kalla, var det kun vindu mot passasjen og var dermed mindre attraktive

Ei typisk handelsstue på Bryggen inneheldt vanlegvis følgjande rom: I første etasje pakkeboder og gårdskleve. I andre etasje ytrestue, stue, indrestue, pakkestue og svalgang. Tredje etasje inneheldt husbondskleve, gesellkleve, drengkleve, setstuer, lagerboder og svalgang.

Kvar handelsstue hadde tilgang til eldhus, schøtstue og steinkjellar som alle låg i bakre del av gården. Dette var felles bygningar for handelstueene i kvar gård. Eldhuset var einaste staden der det var lov til å ha open eld og vart brukt til matlaging. Schøtstueene fungerte som forsamlingsrom med ei rekke funksjonar slik som møter av ulikt slag, skule, andakt gravferd og fest. Steinkjellarane på Bryggen ligg oppå bakken og er solide steinbygningar med tjukke murar. Dette var dei einaste brannsikre bygningane på Bryggen og var der verdisakene vart oppbevart.

Dette bygningsmønsteret og tomteorganiseringa har i grove trekk halde seg uendra på Bryggen sidan 1100-talet.

3. DETALJAR

Etter brannen i 1702 vart Bryggen gjenreist etter den etablerte tradisjonen med dobbeltgårder, passasjer og med same tomteinndeling som før brannen. Bakrunnen til at tomtemønster, bygningar og byggeskikk meir eller mindre vart repetert etter kvar storbrann var truleg, som tidlegare nemnt, m.a at det var for omfattande å endre på eksisterande tomteinn- deling og eigarforhold då desse var svært kompliserte på Bryggen. Dette gjenspeglar seg i bygningstype og bygningsmønster.

Bygningane vart etter 1702, som før, reiste som treetasjes tømmerbyg- ningar med svalgangar i dei to øverste etasjene. I fasadene mot Vågen var der forseggjorde portalar inn til passasjane, alle med ulik utforming. Over portalane var der symbol eller figurar som representerte kvar gård. Desse gjorde lettare å orientere seg for alle dei som ikkje kunne lese. I dag har vi mellom anna enhjørningsfiguren over porten til Enhjørningsgården og Bumannen, bygningsmannen, over Bugården sin portal.

I handelstuene, sjøstuene og landstuene, fulgte ein motar og trendar i tida; blyinnfatninga på vindauga vart etterkvart erstatta med trespros- ser og dørene, som tidlegare berre var sett med karm i veggen fekk list- verk. Alle desse endringane har vore med å endre bygningane sitt uttrykk oppgjennom historia.

Rundt 1730 fekk ein bordkledning på fasadane og på delar av veg- gane inne i passasjane. Bordkledinga dekte mange stadar til frodig dekorerte tømmerveggar. Veggane hadde sokalla rankedekor påført med limfargemaling. Veggane var måla i raudt og gult, og på denne bak- grunnen var det måla store rankar i barokk stil dekorert med blomster og blad i kraftige fargar.

Rankemåling som fasadedekor er svært sjeldan. Denne forma for fasadedekor er ikkje kjend andre stadar i Noreg enn i Bergen. Ein fekk frå 1730 og utover bygningar som var malte i engelskraudt, oker og mosegrønt. Desse fargekombinasjonane vart på 1800-talet, med innfø- ringa av klassisismen og empirestilen, erstatta med kvitmaling. Kvitmalinga har dominert på Bryggen heilt fram til vår tid.

Endringar av organisasjonsform og dermed endring av kva type varer det blei handla med hadde innverknad på byggeskikk og arkitektur. Eit døme på dette er då Det Norske kontor vert oppløyst i 1867 og seinare opphevinga av Bryggens fellesadministrasjon i 1899. Dette fall saman med den industrielle revolusjon sitt inntog i norge noko som gjorde at dei gamle stapelhamnsfunksjonane på Bryggen vart for tungvindte og lite effektive for den nye tida. Den omfattande tørrfiskhandelen minka og nye næringar etablerte seg på Bryggen. Boder og laggerrom blir etter- kvart tatt i bruk som butikkar og i fasaden blir det satt inn store butikk- vindu i første etasje. Heilt fram til byrjinga av 1960-talet hadde ein stadige endringar og tilpassingar til nye funksjonar i bygningane på Bryggen. Dette gjer at dei fleste bygningane på Bryggen framstår i dag som ein sum av endringar der vegg, tak og golv har lag på lag med stil- historie.

KONKLUSJON

Det finnast ein del bevarte detaljar som dekor, listverk, malte flater, rominnreiing og ikkje minst utstyr frå Hansa tida. Dette er detaljar som er direkte knytta til den hanseatiske kultur og er difor spesielt verdifulle sett i lys av “Bryggen som en enestående etterlevning av en Hanseatisk handelskultur som har forsvunnet...” som er ein av grunngevingane for opptaket av Bryggen på Verdsarvlista.

Den arkitekturhistoriske verdien på Bryggen ligg først og fremst i summen av alle dei endringane ein har hatt her. Den historiske tidslinja på Bryggen inneheld ei rekke hendingar og endringar som sett i samanheng er interessante og gjev meining. Denne tidslinja strekkjer seg frå dei første bygningane ein kjenner til på 1100-talet og fram til den bygningsmassen ein har i dag. Dette inkluderer ei rekkje viktige hendingar og endringar både før og etter hansatida, og utgjer til saman vesentlege verdiar i verdskulturminnet Bryggen.

Den bevarte bygningsmassen på Bryggen representerer eit einestående kulturmiljø med trearkitektur basert på mellomalderlege tradisjonar for å bygge i by og er med det av universell betydning og verdi.



Foto: Ann Steindal

Restar etter rankedekor.

2:3 OPPLIVINGSVERDIAR

Stemninga, miljøet og bygningane gjer i seg sjølv at folk set pris på Bryggen utan at ein nødvendigvis kjenner den rike historia som bokstaveleg talt ligg i veggane. Å gå inn frå den opne og støyande gata på framsida og inn dei mørke, fredelege passasjane mellom dei 300 år gamle bygningane gjev ei oppleving av å gå inn i ei anna tid. Tredekket ein går på, dei aldersprega bygningane, luktene, og lyset i kontrast til byen elles gjev ei fysisk oppleving av historia. Slike opplevingar er ikkje tilgjengelege gjennom munnleg eller skriftleg informasjon, men er med på å gje ei djupare forståing av den totale verdien av verdskulturminnet Bryggen.

Dei stadig påbygde og ombygde bygningskroppane på Bryggen vitnar om tider der ein hadde andre føresetnader når det gjaldt materielle ressursar, noko som er tydeleg i form og dimensjonar. Utnyttinga og forståinga av kvalitetane i bygningsmaterialet er tydeleg og synleg mange stadar på Bryggen og er til saman med på å gje Bryggen eit eige “uttrykk” som representerer ein estetisk verdi for både bergensborgarane og besøkande.

Fasadane på Bryggen som vender mot Vågen er etterkvart blitt eit symbol for Bergen og er brukt i mange samanhengar når byen skal presenterast.

I tillegg til å ha ein rein identitetsskapande verdi har Bryggen også ein arkitektonisk og visuell effekt i bybildet som vitnar om Bergen sitt forhold til fjorden og havet.



Foto: Ann Stendal

KONKLUSJON

Døma ovanfor er med på å gje folk ei oppleving av å vere ein del av historia og å samstundes verte interessert i kva historie ein er ein del av. Den historiske kontinuiteten Bryggen representerer er eit stabiliserande og identitetsskapande moment i eit samfunn i rask endring.

2:4 BRUKSVERDIAR

Endringar av bruk relatert til den tradisjonelle handelen med tørrfisk tok til allereie i siste del av 1800 talet, og må sjåast som ein etablert del av tradisjonen på Bryggen. Etter brannen i 1955 vart det klart at brann-tomta i den nordlege delen av Bryggen (utanfor det som utgjer verdskulturminnet i dag) kunne tåle ei moderne og effektiv utbygging, samstundes som dei gjenståande delar av Bryggen kunne restaurerast og tilretteleggast for ny bruk.

Brukskunstnarane var dei første som flytta inn i dei restaurerte lokala til Stiftelsen Bryggen på 1960 talet. Denne yrkesgruppa utgjer framleis ei vesentleg del av miljøet på Bryggen. Over halvparten av verksemdene på Bryggen er indirekte eller direkte retta mot turisme og er heilt avhengig av den økonomiske ressursen dette representerer.

I følgje uoffisielle tal frå Stiftelsen Bryggen er det omkring 250-300 000 turistar som vitjar verdskulturminnet Bryggen i året og ein går ut frå at talet på andre besøkande er omkring det same. Dette er tal ein ikkje kan sjå bort ifrå i høve til dei bruksverdiene Bryggen representerer.

Det ligg framleis eit potensiale i utnytting og bruk av bygningane på Bryggen, men dei bygningane eller rom som ikkje allereie har gjennomgått endringar må behalde kvalitetane dei har i dag. Alle endringar og tiltak skal skje på verdskulturminnet sine premisser. Målet er at Bryggen skal være ein levande historisk bydel i Bergen sentrum.

Forskningsverdien som ligg i verdskulturminnet Bryggen er ubegrensa. Dei ståande bygningane, kulturlaga under bakken, gjenstandssamlingar, historiske arkiv, og skriftleg og munnleg dokumentasjon er til saman ei kjelde til forståing av kva Bryggen har vore, kva den er i dag og kva vi vil den skal representere i framtida.

Det er i dag fleire fagfelt knytte til forskinga kring vedlikehald og restaurering av bygningane på Bryggen. I dag driv arkeologar, arkitektar, historikarar, mykologar, handverkarar og andre faggrupper ei rekke ulike forskingsprosjekt vedrørande Bryggen. Behovet for ny kunnskap om nye område vil stadig melde seg i samband med dette arbeidet og igjen inkludere nye faggrupper.

KONKLUSJON

Det har sidan vernearbeidet tok til vore ein føresetnad at Bryggen skal vere gunstig i økonomisk bruk, og det er difor ei ekstra stor utfordring å sjå til at bruksendringar ikkje er med på å redusere kulturminneverdiene.

Aktivitetane verdskulturminnet Bryggen genererer har ringverkningar både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt innan forskning og næringsliv og har framleis eit stort og uutnytta potensiale.

2:5 BEVARINGSIDEOLOGI

Sidan Bryggens Venner og Stiftelsen Bryggen vart stifta i 1962 har ein fulgt ideen om “vern gjennom bruk”. “Vern gjennom bruk” bygger på ideen om at den freda bygningsmassen ikkje måtte bli eit statisk museum, men at det måtte etableast verksemder på Bryggen som på den eine sida var med på å sikre eit aktivt og levande miljø og på den andre sida kunne sikre eit økonomisk driftsgrunnlag for bygningane. Bygningane skulle settast i stand og leggest til rette for bruk slik at ein kunne få leigeinntekter. Dette var eit nødvendig veivalg på 1960-talet då tilskot til vern av faste kulturminner var nesten fråverande. Stiftelsen Bryggen hadde som målsetting at det skulle etablerast eit handverk og brukskunstmiljø på Bryggen då dette var aktivitetar med lange tradisjonar her. Allereie tidleg i Bergens historie var det på Bryggen eit sentrum for handel og handverk, ein tradisjon som vart broten i Hansatida då det var en gros handelen som var einerådande. Ved å opprette brukskunstverkstader på Bryggen vart ein gamal tradisjon gjenoppretta.

Dei fleste av Stiftelsen Bryggen sine bygningar som er utleigde er i dag i bruk som verkstadar og /eller atelier for kunstnarar og brukskunstnarar.

Haldningsendringane innan kulturminnevern i Norge på 1960 og 70 talet kan sjåast som ein protest mot den resaureringspraksis ein hadde hatt i dei føregåande tiår. Hans Jacob Hansteen, som var arkitekt i Stiftelsen Bryggen frå 1965 – 74, var tidleg ute med å peike på verdien av bygningane som historiske dokument og sikta då særleg til forståinga av Bryggen som ein sum av endringar eller eit kulturminne som representerer historisk kontinuitet. For å kunne sameine denne ideen med praktisk kulturminnevern var det nødvendig å gje visse konsesjonar både til praktiske og estetiske krav for å kunne sikre bygningane for framtida.

Arkitekt Peter Helland Hansen, som var medlem av Stiftelsen Bryggens fagutvalg frå starten, såg på bevaringsarkitekten som ein historikar som forvaltar eit kjeldemateriale. Desse haldningane har prega bevaringsarbeidet på Bryggen heilt fram til vår tid.

Haldningsendringane innan bevaringsideologi på Bryggen heng saman med nasjonale og internasjonale endringar.

På nasjonalt nivå er det først og fremst Riksantikvaren og Norsk Handverksutvikling som har medverka til den nye kunnskapen og haldningane omkring bevaring. Desse haldningane kan førast attende til ein internasjonal debatt kring bevaringspraksis og oppfrisking av kunnskapen om tradisjonelle handverk.

Dei fire viktigaste dokumenta i denne samanheng er; “The Venice Charter” (1964), “Charter for the Protection and Management of the Archeological Heritage” (1990), “The Nara document on authenticity” (1994) og “The Principles for the Preservation of Historic Timber Structures” (1999)

“The Venice Charter” har vore, og er framleis, eit referansedokument

innan internasjonal restaureringspraksis, men har vore kritisert for sin fokus på stein og teglbygningar og for ein eurosentrisk tilnærming til autentisitetssomgrepet. No i globaliseringa sin tidsalder har ein fått auka merksemd kring, og aksept for, kulturelt mangfald. Resultatet etter ei konferanse i Nara i Japan i 1994, "The Nara document on authenticity" tek opp desse problemstillingane innan bevaringsarbeid.

I "The Nara document on authenticity" oppfordrar ein fagfolk innan restaureringsarbeid til å definere autentisitetssomgrepet innan si eiga kulturelle ramme. Det vert i "The Nara document on authenticity" fokusert på at søken etter det "autentiske" er universell, men måten ein bevarar det "autentiske" på må vere kulturelt bestemt.

Å bygge i tre representerer heilt andre problemstillingar enn stein og teglkonstruksjonar gjer. Difor er det naudsynt å omdefinere autentisitetssomgrepet representert i "The Venice charter". Målsettinga med "Principles for the Preservation of Historic Timber Structures" er å definere universelle og grunnleggande prinsipp for bevaring av historiske trekonstruksjonar både når det gjeld teknisk tilstand og kulturelle verdier.

I "Principles for the Preservation of Historic Timber Structures" vert det, som i "The Venice Charter" fokusert på bruk av originalmaterial, men her er det akseptert at nedbryting og reparasjon er ein del av ei trebygning sin naturlege livssyklus og at dette ikkje nødvendigvis fører til tap av autentisitet. I motsetning til i "The Venice Charter" foreslår ein i "Principles for the Preservation of Historic Timber Structures" at ein brukar tradisjonelle material og metodar so langt som råd, både fordi det tradisjonelle har vist seg å vere haldbart, men og fordi material og handverk er viktige delar av ei bygning sin identitet. Å ivareta eit kulturminne avheng ikkje åleine av tradisjonelle metodar, men metodane er ein del av sjølve kulturminnet.

Istandsettings og vedlikehaldsarbeidet på Bryggen i dag er i tråd med retningslinene gjevne i "Principles for the Preservation of Historic Timber Structures". Dette vil seie at ein i alle istandsettingsoppgåver so langt som mulig nyttar material og handverksteknikk som er i samsvar med identiteten til dei delane ein reparerer. Ein slik prosess vil auke kunnskapen kring alle delar av produksjonen og gje kunnskap langt utover sjølve restaureringa.

"Charter for the Archeological Heritage" har og "The Venice Charter" som bakgrunn for sine retningslinjer, men som i "The Nara document on authenticity" er det her haldningsendringar i høve til den eurosentriske tilnærminga i "The Venice Charter". Haldningar til globalisering og kulturelt mangfald har endra seg og er inkludert i retningslinene i "Charter for the Archeological Heritage".

"Charter for the Archeological Heritage" legg vekt på at bevaring av arkeologisk materiale krev eit vidt spekter av vitenskapleg kunnskap og erfaring: "Some elements of the archeological heritage are components of architectural structures and in such cases must be protected in accordance with the criteria for the protection of such structures laid down

in the 1966 Venice Charter on Conservation and Restoration of Monuments and Sites.” Dette gjeld i høgste grad for verdskulturminnet Bryggen der kulturlaga, fundamenta og bygningane skal definerast som eitt samla kulturminne.

“Charter for the Archeological Heritage” definerer arkeologisk materiale som ein ikkje-fornybar ressurs som må bevarast på staden: “in situ”. Bygningane, fundamenta og kulturlaga har direkte samanheng og innverknad på kvarandre, difor gjeld også “in situ” -bevaringsprinsippet for heile kulturminnet.

Dei ovanfor nemnde charters avspeglar grunnleggande prinsipp og retningslinjer som er generelle i si form for å vere gyldige for kulturminne i ulike kulturar og kontekstar verda over. Spesifikke nasjonale og lokale tilhøve vert ikkje rekna med, men må supplerast med nasjonalt og regionalt lovverk.

Bevaringsarbeidet og restaureringspraksisen på Bryggen er i dag i tråd med prinsipp og retningslinjer gjevne i dei dokument som er nemnde ovanfor.